



Erlend Kvamsdal
AREKLETTVEGEN 96
5986 HOSTELAND

Referanser:
Dykkar: 076ee1b1-e493-4752-97d9-
866264f60799
Vår: 23/663 - 23/6986

Saksbehandlar:
Jan Kvingedal
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
14.08.2023

Melding om delegert vedtak - Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - tilbygg bustadhus - gbnr 5/28

Me syner til søknad motteken 28.06.23 og supplerande opplysningar motteke 10.08.23

Administrativt vedtak. Saknr: 077/2023

Tiltakshavar: Erlend Kvamsdal
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova
(pbl.) § 20-4

VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen gjeve med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 a) løyve til tiltak for oppføring av tilbygg bustadhus og utviding terrasse med basseng på gbnr. 5/28, Skjelsundet, på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 28.03.23 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal målast inn og koordinatar sendast kommune for det vert søkt om ferdigattest.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld

føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.3.1		2	5.400,-
	Totalt gebyr å betala		10.800,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om tilbygg til eksisterande bustad på gbnr. 5/28. Tiltakshavar ynskjer å byggja på med opphaldsrom, badstove og bad. Det vert og søkt om bygging av terrasse med badebasseng innfelt i terrassen.

Fakta

Eigedommen ligg innafor reguleringsplan til Skjelsundet bustadfelt. Delar av tiltaket kjem nærare grensa enn 4 m. Det er lagt med erklæring frå nabo om at ein kan plassera tiltaket nærare grensa enn 4 m. Arealberekninga vedlagt søknad tok ikkje med arealet for terrassen, men det er sendt oppdatert arealberekning, som viser at tiltaket er innafor grensa for utnytting på eigedommen.

Vurdering

Tiltaket er iht. føresegner og plan for Skjelsundet bustadfelt. Tiltaket er lovleg nabovarsla. Sjølv om det samla tiltaket kjem over 50 m² (terrasse + tilbygg) har ein vurdert at det kan akseptast som tiltak utført etter §20-4, då det kan sjåast på som 2 eigne tiltak.

Konklusjon

Det vert gjeve løyve til tiltaket jr. vedtaket

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Erlend Kvamsdal

AREKLETTVEGEN 5986
96

HOSTELAND